



## Svanegrupper

Det nye behandlingstilbudet *Svanegrupper* blir starta etter modell av liknande tilbod og grupper i Danmark, igangsatt i København i 2006. *Svanegrupperne* i Danmark blir administrert av *Reden*, som er ein del av KFUK sitt sosiale arbeide. *Reden* starta på Vesterbro i København i 1983, der *KFUKs Sociale Arbejde* etablerte eit værested for prostituerte kvinner. I *Reden* kan kvinnene få eit pusterom frå den barske kvardagen på gata; dei kan få eit varmt bad, eit måltid mat, ei seng for natta, og dei kan få hjelp og rådgjeving til å kome ut av prostitusjonsmiljøet og stoffmisbruket. I 1990 åpna *Reden* i Odense og i 1996 i Århus; begge stader med same filosofi og målgruppe som i København. *Reden* er gjennom dei seinaste 25 åra blitt kjend som ein hovudaktør med solid kjennskap til tilhøva omkring prostitusjon. I dei hittil seks *Svanegrupperne* i Danmark har 26 kvinner delteke. Sju av deltakarane har deltatt i tre av gruppene. Kvinnene har vore mellom 19 og 53 år. Dei fleste er likevel i alderen frå 28 til 38 år. Nokre er tidlegare narkomane, andre har aldri vore i misbruk. Nokre er i arbeid, medan andre er i ulike former for utdanning. Nokre er gift eller sambuande, andre lever aleine - med eller utan barn. *Les meir på [www.reden.dk](http://www.reden.dk)*.

# - Gir håb og bygger selvtillid

“Det giver håb og bygger selvtillid op, så vi kan blive til hele mennesker med selvtillid og komme ud i samfundet. At vi tør være ude og producere. Det er skamfuldt at gå med at have været i prostitusjon. Mange lider i stilhed. Det gælder også, når man har været stoppet i mange år”.

*Svanegruppedeltakar, Danmark*

**HUSK**  
HUSK STAVANGERREGIONEN

**US**  
Universitetet i Stavanger


Stavanger Universitetssjukehus  
Helse Stavanger HF

### HUSK STAVANGERREGIONEN

Kjell Arholms hus 43 // Telefon: 51 83 41 36  
UiS, Det samfunnsvitenskaplige fakultet,  
Institutt for sosialfag, 4068 Stavanger

**[www.husk-stavanger.no](http://www.husk-stavanger.no)**

∴ *Svanegruppen* i Stavanger er ein del av dei nordiske svaner; i Danmark, Island og Noreg.



# ”Veien ut...”

- Opstart av “Svanegrupper” i Helse Stavanger hausten 2011.

# Kva er svanegrupper?

Svanegrupper er eit behandlingstilbod for kvinner som har forlatt prostitusjon og ynskjer eit liv utan.

## For kven?

- Kvinner som snakker norsk
- Kvinner som ikkje er aktiv i rus
- Kvinner som kan nyttiggjere seg gruppeterapi

## Kor lenge varer det?

Gruppene har eit omfang av veklege samlingar på om lag 2,5 time i 19 veker.



## Kven leier gruppa?

- Psykolog Lena HAGELUND,  
OBS (Oppsøkende behandlingsteam),  
Stavanger  
[lena.hagelund@sus.no](mailto:lena.hagelund@sus.no)  
Tlf. 911 07 985
- Gateprest Ingeborg Erikstein KRAGER,  
Sandnes  
[ingeborg.krager@sandnes.kirken.no](mailto:ingeborg.krager@sandnes.kirken.no)  
Tlf. 482 49 377
- Veil. psykologspesialist Helge KNUDSEN

# Innhald/ manual

## Modul A: Sjølvmedvit

- 1) Målsetting/ Kven er eg?
- 2) Sjølvverd/sjølvtilitt

## Modul B: Relasjonar

- 1) Basisfamilie
- 2) Barndomsminner
- 3) Mine relasjonar
- 4) Skape sunne relasjonar

## Modul C: Utrykksformer

- 1) Seksualitet
  - 2) Kroppsoppfatning
  - 3) Seksualitet/anerkjenning/tilknytning
- Tilbakefall
  - Sosialarbeidar
  - Fysisk aktivitet

### Nyttige linker:

- [www.husk-stavanger.no](http://www.husk-stavanger.no) (for mer informasjon om dette prosjektet)
- [www.reden.dk](http://www.reden.dk) (et være- og rådgivningssted i Danmark)
- [www.helsestavanger/sus.no](http://www.helsestavanger/sus.no)
- [www.sandnes.kirken.no](http://www.sandnes.kirken.no)